



## Notat

Dato: 02.09.2019  
Arkivsak: 2015/11453-206  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Styret for Fagskolen i Hordaland

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Kvalitetsmidlar 2019

Fagskolen i Hordaland søkte i 2019 Diku om kvalitetsmidlar til to prosjekt, og har fått støtte til begge to. Skulen søkte midlar til følgjande prosjekt:

- Digitalt laboratorium – kr 4 355 000,-
- Utarbeiding av digitale læremidlar for ny utdanning – Klassisk bygningshandverk og restaurering – kr 1 120 000,-

Diku har vurdert alle søknader som kom i 2019 på ein skala frå 1 til 7, der 7 er beste skåre. Alle søknadene som fekk poengsum 5 – 7 har fått tildelt midlar. Begge prosjekta fagskolen søkte støtte til fekk skåre 6, og ein god vurdering av prosjekta.

Begge prosjekta vil ha ein varigheit som strekkjer seg fram mot sumaren 2020. Eigenandelen i prosjektet Digitalt laboratorium er på 42 % og utgjør 3 mill. kr.

Vedtak om tildelt støtte ligg som vedlegg til denne meldinga.